

# Rapport

## «Sommar på Osterøy»

### Gardsopplevingar på Hauane gard

1. Kor mange barn var påmeldt, og kor mange møtte? Dersom kurset var over fleire dagar, kor mange møtte på dei ulike dagane?

Svar: 9 barn påmeldte. 1 avmelding. Av dei 8 var det 4 som møtte opp alle i årsklasse 2010. Kurset varte i 2 dagar. Same oppmøte begge dagar.

2. Kor mange assistenter deltok frå vidaregåande, og kor mange timar jobba dei kvar?

Svar:

Det skulle eigentleg vore med 1 assistent frå Vidaregåande, som ikkje kunne likevel. 2 andre vaksne deltok under padling/roing/fiske i tillegg til dei 2 instruktørane, for å ivareta tryggleiken utifrå antal påmeldte.

3. Kva var innhaldet i kurset?

Svar:

Delta i ulike oppgåver og aktivitetar på garden som

--Hausting av grønsaker og bær, smake, lære litt om dyrking, lage mat av det garden produserer (Barna deltok i skrelling og oppkutting av grønsaker. Vi laga betasuppe, ørret og grønsaker i folie på bålet, potekaker og saft)

-Lære om dyra på garden: kattar, høns, kyllingar, kalvar, kyr

-Lære om korleis og kvifor vi haustar vintermat til dyra -delta i raking og innsamling av graset, gje graset til dyra i fjøset

-Leik/Aktivitetar: Hoppe i høyet, gjømsel, kose med dyra, padle i kano, fiske med stang, sitte på i traktor

- Lære om livet på garden før i tida ved kårkall Rune Revheim

4. Gav barna nokon tilbakemelding på korleis dei opplevde kurset?

Svar:

Ja, alle barna gav ulike uttrykk av trivsel. Gode tilbakemeldingar frå foreldre om at barna hadde hatt det kjekt og gledde seg.

5. Kva ynskjer du/de at barn og unge skal sitte att med etter å ha delteke på kurset?

Svar:

- Gode ,trygge ,kjekke, positive opplevingar ilag med dyra og menneska på garden

- Auka forståing og kunnskap om livet og samanhengane på ein gard, korleis maten vert til

- Oppleving av mestring, samhandling, samarbeid, gode samtalar